



Skare 22.10.24

Statsforvalteren i Vestland
Øistein Aasland
Kjetil Olav Heitmann

Innspel til arbeidet med ny forvaltningsplan for verneområdene

- ref: 2024/7877

Statsforvalterene og de fylkesvise Tilsynsutvala for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, varselet i brev datert 11.09.2024- ref: 2024/7877 om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområdene og vurdering av endringar i verneforskriftene.

Fjellstyra på Hardangervidda (FH) er en samanslutning av alle fjellstyra på Hardangervidda. FH administrerer alle de 6 statsallmenningane på Hardangervidda, noko som omfattar til saman 1/3 av hele Hardangerviddaområdet og ca 50 % av arealet innanfor nasjonalparken. Fjellstyra i Norge har en viktig samfunnsoppgåve med forvaltning av statsallmenningane etter fjellovens bestemmelser som sørger for allmennhetens tilgang til blant annet et rimeleg jakt og fisketilbod. FH er en interesse- og arbeidsgivarorganisasjon som har en politisk del og en administrativ del der fjellstyrenes ansatte, fjelloppsynet, er ansatt. I tillegg til dette har FH organisert seg saman med Hardangervidda Grunneiersamskipnad(HG) i forhold til villreinforvaltning i Hardangervidda Villreinutvalg. Villreinutvalet har sendt eige innspel. FH kjem her med innspel og utdypane merknadar som særskilde vil omhandle fjellstyras virkeområde.

FH representerer indirekte ei stor gruppe lokale brukarinteresse grupperingar, med ulike forvaltningsmessige behov. Det er snakk om potensielt 15-20.000 menneske om ein summer dei med allmenningsrett. FH er av den klare oppfatning at det minimum burde være 2 representantar frå FH organisasjonen i prosjektgruppa. Dette for å få breiare lokalkunnskap og ivareta det geografiske aspektet. Dersom Statsforvalteren imøtekjem dette, så vil FH utnemna representantar "frå vest og frå aust" med personlege vara. FH støtter i tillegg fullt ut villreinutvalets innspel på å få inn ein representant frå villreinutvalet i prosjektgruppa.

FH gir sin tilslutning til at endringar av verneforskriftene for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell, vurderast samtidig med utarbeidelse av ny forvaltningsplan. Utarbeiding av ny forvaltningsplan framfor revidering av gjeldande forvaltningsplan støttes. Vurdering av aktuelle endringar av verneforskriftene må skje parallelt med arbeidet der ny forvaltningsplan utarbeidast.

Villreinen på Hardangervidda er og har over tid vært i ein utfordrande situasjon. Dette har medført ein kondisjonssvak, skral/svak og lita stamme. Det er viktig at ein

nå legger opp til ein forvaltningsplan og evt. verneforskrift som er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva.

FH meiner det er fornuftig å vurdere villrein som del av verneformålet for alle verneområda, i samsvar med Stortinget sin handsaming av villreilmeldinga.

Tilsvarande meiner FH det er viktig i arbeidet med ny forvaltningsplan(og vurdering av endringar i verneforskriftene) å ivareta bruksrettighetene/allmenningsretten, slik at den ikkje blir til hinder for den utnyttinga av ressursane som lokale brukarinteresser har utøvd frå gammalt av og framleis utøver. FH er opptatt av at lokale brukarinteresser i høve jakt, fiske og landbruksnæring blir ivaretatt i arbeidet med ny forvaltningsplan/verneforskrift og forvaltningspraksis, som forutsett ved oppretting av vernet.

Fjellstyras inntektsgrunnlag er i all hovudsak knytt til salg av jakt og fiske med tilhøyrande hytteutleige, samt noko på beite. Med situasjonen som utspeler seg nå med påvist skrantesjuka på villreinstammen og nedgang i stammen pga. nedskyting er det viktig for fjellstyra at rammevilkåra i forvaltningsplanen og verneforskrifta er tilrettelagt for vidare drift av statsallmenningane og fjellstyra. Fjellstyras potensiale for vidare næringsmessig utnyttelse av drifta ligger innanfor småvilt, elg- og hjortejakt samt fiske.

FH vil her trekke frem flere begrensningar i potensiale som ligger i utnyttelse av småviltjakt og fiske. Potensialet i småviltjakta kan være og viser seg å være bærebjelken i statsallmenningar som ligger vegnært. Stort sett alt statsallmenningsarealet på Hardangervidda ligger inne på sentralvidda med lange avstandar til nærmaste veg. Vi viser blant annet til Ullensvang statsallmenning. Her er inntektene på småviltjakt en minimal del av den totale omsetninga, og hovudårsaka til dette er adkomstmulighetene for jegerane. En tilrettelegging for økt omsetning og utnyttelse av potensialet på småvilt vil på sikt være avgjerande for fjellstyras drift av statsallmenningane.

Verneområdet har medført ulike begrensningar i både inntekspotensialet og ressursutnyttelsen av fiske. I blant anna Ullensvang og Røldal har det ikkje vore noko vidare tradisjon for å fiske etter aure «kommersielt». For det meste har fiske vore til eige bruk. Det har likevel vore fiskekultivering, i form av fiskeutsettingar. På Røldal har det i alle større vatn på statsallmenninga vore utsettingar, den fyrste dokumenterte fiskeutsettinga var i 1947. Tilsvarande fiskeutsettingar vart det særskilt utfordrande å få vidare løye til, noko som medførte at fleire vatn på Røldal Statsallmenning vart tilnærma fisketomme. Forvaltningsplan, verneforskrift og/eller forvaltningspraksis må endrast slik at ein enklare kan få fortsette denne tradisjonelle bruken av fiskevatna våre.

Fjellstyra er generelt avhengig av infrastruktur, til dømes hytter, naust, båtopplegg osv, for å forvalte og utnytte potensiale i jakt- og fiskeressursen innanfor statsallmenninga. Vernet har sett særskilt store avgrensingar på moglegheita for etablering av ny infrastruktur, då spesielt hytter og naust. Det er viktig at ein nå legger opp til ein forvaltningsplan og evt. verneforskrift som er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva.

I utkastet til ny motorferdslov er det blant anna forslag om å fjerne dagens mogelegheit for motorisert transport for inn- og uttransport av jegerar, utstyr og felt villrein. Det same gjelder moglegheita til overnatting for jegerane. Dette er helt avgjerande for bestandsforvaltningen der jegerane er den utøvande del av forvaltninga at dette blir oppretthaldt som i dag. Helikopter har i stor grad overtatt for sjøfly. Dagens forvaltningsplan med godkjente flylandingsvann for uttransport av felt villrein utan eige løyve, må reviderast og tilpassast bruk av helikopter mht. fastsette landingsplassar.

At det er avgrensingar på motorferdsel generelt innanfor nasjonalparken er forståeleg, og støtta, frå fjellstyra si side. Det er likevel verdt å nemna at ein lokalt meina det er «snodig» at det innanfor nasjonalparken er slik at nokon kan ha tilnærma «frikort», som til dømes DNT, medan det for andre er store avgrensingar.

Ullensvang fjellstyre nemnar traktorslepa til Hansbu- Her er det dispensasjon til å gi inntil 10 løyver i forbindelse med villreinjakt. Ullensvang fjellstyre vølte, etter løyve ei steinbu i haust. Det var behov for å frakte inn gravemaskin og anna utstyr på traktor i forbindelse med arbeidet. Det viste seg umogleg å få gjennomført transporten før villreinjakta starta, da ein ikkje kunne gi dispensasjon på ein allereie dispensert strekning. Det hadde vært sterkt fordelaktig å gjort dette arbeidet tidlegare enn villreinjakta starta. Det må i det vidare arbeidet vurderast moglegheita til, etter særskild behov å kunne gi løyve frå 15-20 Juli.

Med helsing
Fjellstyra på Hardangervidda

Jarle Rasmussen
Styreleiar

Sten-Rune Jensen
Sekretær